



**Fyresdal kommune**  
**Sektor for kultur og oppvekst**

## **PLAN FOR SPESIALPEDAGOGISK HJELP**

**FOR**

**FYRESDAL BARNEHAGE**

Juli 2018

## Lovar og forskrifter som ligg til grunn for planen

Barnehageloven og forskrifter.

Lov om behandlingssåten i forvaltningssaker (Forvaltningslova).

Veilederen Spesialpedagogisk hjelp.

<https://lovdata.no>

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialpedagogisk-hjelp/Spesialpedagogisk-hjelp/>

Barnehageloven § 19 a Rett til spesialpedagogisk hjelp:

"Barn under opplæringspliktig alder som har særskilt behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp. Hjelpa skal omfatte tilbud om foreldrerådgjeving. "

Kommunen har plikt til å oppfylle retten til spesialpedagogisk hjelp. Kommunen kan ikkje avslå ein søknad om spesialpedagogisk hjelp av omsyn til økonomi.

PP-tenesta er sakkunnig instans når det er behov for spesial pedagogisk vurdering.

Det er krav om at foreldra skal samtykke før det blir gjennomført ei sakkunnig vurdering og at foreldra må samtykke i at barnet skal ha spesialpedagogisk hjelp.

Tilbudet skal så langt det er råd gjerast i samråd med foreldra.

Kommunen har ansvar for at det blir utarbeidd ei sakkunnig vurdering og at det fattas eit enkelt vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

Det skal føreligge ein årsrapport for barn som tek i mot spesialpedagogisk hjelp.

Øvre aldersgrense for spesialpedagogisk hjelp er når barnet har nådd opplæringspliktig alder (det kalenderåret barnet fyller 6 år). Dersom barnet har fått utsett skulestart har barnet rett til spesialpedagogisk hjelp fram til barnet byrjar på skulen.

Retten til spesialpedagogisk hjelp er ein individuell rett.

Formålet med spesialpedagogisk hjelp er å gje barnet tidleg hjelp og støtte i for eksempel språkleg og sosiale ferdigheter.

Hjelpa skal bidra til utvikling og læring hjå barnet, slik at barnet blir betre rusta til å starte på skule og at barnet får nødvendig hjelp, slik at barnet sine vanskar blir avhjelpet på eit tidleg tidspunkt.

Vilkåret for å få spesialpedagogisk hjelp er at barnet har et særleg behov for spesialpedagogisk hjelp. Kva som er eit "særleg behov" er ei vurdering. I særlege behov ligg det krav om at barnet må ha eit behov som skil seg frå, eller er meir omfattande enn det behovet barn på same alder vanlegvis har. I vurderinga er det aktuelt å sjå på barnet si utvikling, læring, evne og føresetnad – for eksempel om barnet utviklar seg seinare, eller annleis, enn det som er forventa.

Retten til spesial pedagogisk hjelp må vurderast på eit sjølvstendig grunnlag. For barn som går i barnehagen skal ein sjå på om behovet til barnet kan avhjelpast innanfor det ordinære barnehagetilbudet.

PP-tenesta skal utgreie og ta utgangspunkt til om barnehagen der barnet har tilbudet har nødvendige ressursar og kompetanse til å avhjelpe barnet.

Diagnose gjev ikkje automatisk rett til spesialpedagogisk hjelp, men barnet sitt behov for spesialpedagogisk hjelp skal heller ikkje avvisast på grunnlag av diagnose.

Den spesialpedagogiske hjelpa kan for eksempel omfatte leikotek, øvings- og stimulerings tiltak, støtte til språkleg-, sosial- og eller motorisk utvikling som er grunnlag for barnets trivsel og rettleiing til personalet i barnehagen.

Den spesialpedagogiske hjelpa kan omfatte bruk av alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)

Den spesialpedagogiske hjelpa skal alltid inkludere tilbod om foreldrerettleiing.

Spesialpedagogisk hjelp kan organiserast på mange måtar. Ein kan gje denne hjelpa til barnet individuelt eller i gruppe.

Barnet har rett til spesialpedagogisk hjelp i den kommunen barnet er busett. Dette gjeld også vist barnet går i ein barnehage utanfor kommunen.

## **Fase 1-bekymringsfasen**

Foreldra eller andre som kjenner barnet, for eksempel tilsette i barnehagen eller helsesyster, er bekymra for utviklinga til barnet. Dette kan være forhold som gjer at barnet kan ha behov for og rett til spesialpedagogisk hjelp.

### **Fange opp – fylgje opp**

Barnehagepersonalet, pedagogisk leiar og styrar drøftar om eit barn har behov for spesialpedagogisk hjelp.

Det er viktig å vere tidleg i dialog med foreldra.

Dersom barnehagen ynskjer å drøfte saken med instansar utanfor barnehagen, for eksempel PP-tenesta må foreldre samtykke til dette.

### **Samarbeid mellom barnehage, andre instansar og foreldre**

I saker der barnehage tilsette er bekymra skal foreldra få god informasjon om det barnehagen vurderer, planlegg og setter i gang av tiltak. Barnehagen må lytte til foreldra sine syn og vurderingar

### **Foreldre sin rett til å krevje sakkunnig vurdering**

Foreldra har rett til å krevje sakkunnig vurdering med sikte på å fastslå om barnet har eit særleg behov og difor rett til spesialpedagogisk hjelp.

### **Dokumentasjon og vurdering i barnehagen**

Trivselen og den allsidige utviklinga til barnet skal observerast og vurderast gjennom observasjonar, samspel med det enkelt barnet og barnegruppa og i samarbeid med foreldra. Der barnehagepersonalet oppdagar barn som kan ha behov for spesialpedagogiske tiltak kan det vere aktuelt å sette i gang meir systematisk dokumentasjons – og vurderingsarbeid.

### **Samtykke frå foreldra**

Dersom barnehage, helsestasjon eller andre vurderer at barnet kan ha behov for spesialpedagogisk hjelp må ein innhente samtykke frå foreldra.

### **Ingen tidsfrist for å be om spesialpedagogisk hjelp**

Foreldre kan når som helst i løpet av eit år be om ei vurdering.

## **Det er ingen plikt til å ta i mot spesialpedagogisk hjelp**

Barnet kan ha rett til spesialpedagogisk hjelp, men det er ingen plikt til å ta i mot slik hjelp.

## **Fase 2 – til melding til PP-tenesta**

Når foreldra eller andre har meldt bekymring for om eit barn har behov for spesialpedagogisk hjelp, sender kommunen, i samarbeid med foreldra, ei til melding til PP-tenesta om at dei ynskjer ei sakkunnig vurdering av barnet.

### **Samtykke frå foreldra før sakkunnig vurdering**

Det er krav til samtykke frå foreldra før det blir gjort ei sakkunnig vurdering og før det fattas enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp. Der foreldra bur kvar for seg er det tilstrekkeleg at den barnet bur saman med samtykker i det blir sett i gang ei utredning.

Når det gjeld samtykke til vedtak om å sette i gang spesialpedagogisk hjelp krev det samtykke frå både foreldra, sjølv barnet bur hjå den eine.

Dersom foreldra ikkje samtykker kan ikkje PP-tenesta utarbeide ei sakkunnig vurdering.

### **Til melding**

Det er kommunen som sender til melding til PP-tenesta, i samarbeid med foreldra.

Sjå vedlegg til lokalt arbeid som skal vere gjort før til melding (Samarbeid og rutinar mellom barnehage og PP-tenesta (rutinar og skjema)).

## **Fase 3 – sakkunnig vurdering av barnets behov**

Dette er fasa der PP-tenesta gjev ei utgreiing og ei tilråding til kommunen om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp eller ikkje. Før kommunen fattar vedtak om at barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp eller ikkje, skal det føreligge ei sakkunnig vurdering av om barnet har særleg behov for spesial pedagogisk hjelp.

Sakkunnig vurdering inneheld:

Sakkunnig utgreiing

Sakkunnig tilråding

Den sakkunnige vurderinga er ikkje bindande, men er ei rådgevande uttale frå PP-tenesta til den som skal fatte vedtak.

Foreldre og barnet skal vere involvert i alle delar av prosessen. Foreldra har rett til å gjere seg kjend med innhaldet i den sakkunnige vurderinga og til å uttale seg før det fattas vedtak.

## **Fase 4 – vedtaksfasen**

Etter at PP-tenesta har sendt sakkunnig vurdering til kommunen, skal kommunen vurdere og avgjere om barnet har rett til spesialpedagogisk hjelp.

Enkelt vedtak blir sendt til foreldra. Enkelt vedtaket utløyser rett til klage for foreldra.

### **Enkelt vedtak**

Enkelt vedtaket skal avgjere om barnet har rett til spesialpedagogisk hjelp. Dersom barnet skal ha spesialpedagogisk hjelp må det gå fram av enkelt vedtaket kva denne hjelpa skal vere.

Eit enkelt vedtak bør som hovudregel gjelde for eit år av gongen.

Krav til innhald i enkelt vedtaket:

Enkelt vedtaket skal klart og fullstendig seie noko om kva hjelp barnet skal få på bakgrunn av den sakkunnige vurderinga frå PP-tenesta:

- Innhald (kva slag tilbod skal barnet få)
- Varighet (kor lenge skal hjelpa var)
- Omfang (timar per år eller veke)
- Organisering (kor og korleis hjelp skal ein gje)
- Kompetanse (kven skal utføre hjelpa)
- Tilbod om foreldre rettleiing
- Rett til å klage

Før det blir fatta enkelt vedtak om spesialpedagogisk hjelp, skal ein hente inn samtykke frå foreldra.

Det skal også fattas enkelt vedtak dersom kommunen kjem fram til at barnet ikkje har behov for spesialpedagogisk hjelp.

Dersom eit barn har vedtak om spesialpedagogisk hjelp flytter til ein ny kommune, gjeld vedtaket som er fatta av fråflytningskommunen fram til den nye bustadskommunen har fatta nytt vedtak.

### **Fase 5 – planlegging og gjennomføring**

Denne fasen startar når kommunen har laga enkelt vedtak.

Det bør lagast ein plan for den spesial pedagogiske hjelpa som inneheld innhald, omfang, organisering og ansvar. Planen må bygge på enkelt vedtaket.

### **Fase 6 – evaluering og vegen vidare**

Evaluering skal gje grunnlag for eventuelt justering av arbeidet. Det bør skje fortløpande gjennom heile året. Oppsummering av evaluering dannar grunnlag for årsrapporten.

I evalueringa må ein vurdere om PP-tenesta skal gjere ei ny sakkunnig vurdering og korleis overgang til skule skal løysast.

### **Årsrapport**

Ein gong i året skal det vere ein årsrapport som viser kva hjelp barnet har fått og ei vurdering av barnets utvikling

Årsrapporten skal til foreldra.

### **Avslutning, ny vurdering og overgang**

Med jamne mellomrom må dei som utfører den spesialpedagogiske hjelpa vurdere barnets vidare behov. Barnets behov og utvikling avgjer om det er behov for ny sakkunnig vurdering og nytt enkeltvedtak.

PP-tenesta må vurdere barnet på nytt når den sakkunnige vurderinga har gått ut, eller kommunen vurderer at behovet til barnet for spesialpedagogisk hjelp er endra. Foreldra må samtykke før PP-tenesta kan vurdere barnet.

Kommunen fattar enkeltvedtak for eit barnehage år. Når barnehageåret er slutt fell enkeltvedtaket bort. Kommunen kan fatte eit nytt enkeltvedtak utan at PP-tenesta vurderer barnet, så lenge den sakkunnige vurderinga ikkje er utgått.

Dersom kommunen meiner at barnet ikkje har behov for spesialpedagogisk hjelp lenger når enkeltvedtaket har gått ut, avsluttar dei saken ved å ikkje fatte eit nytt enkeltvedtak. Er

foreldra ueinige, og meiner at barnet framleis har behov for spesialpedagogisk hjelp, kan dei krevje at PP-tenesta vurderer barnet på nytt.

I god tid før barnet skal byrje på skulen, bør kommunen planlegge overgangen frå barnehage til skule, slik at den blir best mogeleg for barnet (Samanheng mellom barnehage/skule, samtykkeskjema og eigne foreldremøte for 5-åringane)

Etter samtykke frå føresette, tek styrar kontakt med skulen om 5-åringar med enkeltvedtak og trong for spesialpedagogisk opplæring innan 1. desember året før barnet skal byrje på skulen. Dette må vere tema i møte mellom skule og barnehage.

Spesialpedagogisk koordinator kallar inn til møte om barn med spesielle behov før 1. mars det året barnet skal starte på skulen. Styrar i barnehagen, pedagogisk leiar, rektor og stegleiar småsteg, spesialpedagogisk koordinator, PP-tenesta og om ynskjeleg logoped, deltek på møtet.

## **Vedlegg**

1. Samarbeid og rutinar mellom barnehage og PP-tenesta (rutinar og skjema).
2. Mal for ITP og årsrapport.
3. Kvalitetssikringsskjema (brukast der det ikkje er sakkunnig vurdering, men behov for støtte og oppfølging)
4. Samtykke før til melding til PP-tenesta
5. Samtykke før vedtak om spesialpedagogisk hjelp
6. Samtykke overgang barnehage/skule